

Innkomne uttalar frå melding om oppstart av frivillig vern av skog og utviding av – Hesten naturreservat tidlegare Gitlandsåsen naturreservat i kommunane Forsand og Strand

Fylkesmannen sendte 23. mars 2018 melding om oppstart av verneprosess for frivillig vern av skog og utviding av området Hesten tidlegare Gitlandsåsen i kommunane Forsand og Strand.

Det kom i alt fire merknader til meldinga om oppstart av frivillig vern. Her samanfattar me fråsegna og legg til vår vurdering.

Allskog AS har på vegne av grunneigarar gitt merknad om at eit byte av namn er ønskeleg frå tidlegare Gitlandsåsen naturreservat til Hesten naturreservat.

Fylkesmannen ser positivt på eit byte av namn. Hesten er den høgaste toppen i området og vil vere samlande for heile arealet i framlegget til vern.

Stadnamntenesta på Vestlandet har vurdert namneforsлага til naturreservatet. Dei tilrår namneforma og har ingen merknader til skrivemåten Hesten naturreservat eller til byte av namn.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeister for Svalbard (DMF) har påpeika at utvidingsområdet grenser til ein grusressurs i Botne, med verdivurdering som liten lokal tyding.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering, men viser til at naturverdiane i utvidingsområdet er karakterisert som svært viktig. DMF angir bruksførekomensten som grensar til, og det bør ikkje være noko hinder for utnytting om eventuelle uttak skjer på utsida av vernearealet og ikkje påverkar verdiane innanfor avgrensinga.

Statens vegvesen har vurdert om verneområdet tek omsyn til Nasjonal transportplan, riksvegar og fylkesvegar. Ingen merknader til vernesaka.

Fylkesmannen tek fråsegna til orientering.